# BOKN BYGDABLAD

NR. 2 – MARS 1999 - ÅRG. 14





Hund på blå resept – s. 2




Aktiv vårsesong – s. 10



Karnevalstid – s. 12

BOKN KOMMUNE

# "ELDRE SKULLE FÅTT HUND PÅ BLÅ RESEPT"

**av Reidar Alvestad**

Eg sit heime og skal ordna stikkord etter ein samtale eg hadde med Else og Helge Nilssen på "Gamleheimen" i Føresvik ei kveldsstund for eit par dagar sidan. Det har seg slik at dei er gamle kjende for meg, for i 1967/68 var eg såkalla studentlærar ved folke- og framhaldsskulen på Hennes i Hadsel kommune i Vesterålen. Ved denne skulen vikarierte også Helge som lærar, og Else var bygda si helsesøster, jordmor og sjukesøster.

Eg går opp på loftet og finn ein bortlagd blå fotoalbum. Der er det bilder eg tok på Hennes for over 30 år sidan. Frå framhaldssskulen (som nesten fekk meg til å "gå frå vetet") på tur til Harstad, frå 17.mai 1968 med snø i lufta, frå skitur med skulen og utsikt mot Hadseløya.



Else er nå 77 år, og Helge 82. Seks vaksne barn har dei rundt seg, dei fleste etablerte med familiar.



**17. mai 1968: Helge Kristian i farta tv. og Nils Bjørn.**

I eit intervju i Stavanger Aftenblad den 13. februar i år, sa leiaren i Statens eldreråd, Astrid Dirdal Hegrestad, at ho ynskte eit eldreår i 1999 utan klaging. Ho meinte at omsorg ikkje måtte bli hovudsaka i FN's internasjonale eldreår, men at ein tvert om måtte bruka året til å fokusera på dei eldre sitt ansvar for eige liv. Etter å ha prata eit par timar med Else og Helge, sit eg att med eit inntrykk av at dei er nokså enige med leiaren i Statens eldreråd om kva som er viktig å satsa på sjølv om ein er eldre av år.

## KOSTHALD OG MOSJON – AKTIVITET OG TRIVSEL

Helge arbeidde nokre år som postbud på Austre Bokn, men måtta gi seg sommaren 1981 på grunn av eit kraftig hjarteinfarkt. Tre år seinare på gamle tomter på Hennes i Vesterålen, gjekk han opp på den 800 m. høge Kaldjordtinden. På Møysalen som er den høgaste fjelltoppen i Vesterålen, har han vore rundt 15 gonger.

Men det artigaste bildet er tatt ved inngangsdøra til familien Nilssen sitt hus, med Helge og Else og dei to eldste ungane – Sverre og Else Kristine - i døropninga. Og midt på brystet av huset sto det skrive **E L S E** med store bokstavar. Ja, eg såg det på kilometers avstand, så det var ikkje vanskeleg å finna huset første gongen eg var på besøk.

Då eg var heime frå Vesterålen på juleferie i 1967, prata eg med Ingolf Kro, og fortalde litt om plassen der eg var. Else hadde i spøk?? sagt til meg at dei godt kunne flytta til Bokn. Då Ingolf høyrde ho var sjukepleiar og jordmor, vart han svært interessert i å få familien hit. Kva som etterpå skjedde av kontaktar, veit eg ikkje, men 15.august 1969 flytte familien Nilssen til Bokn, og dei har gjort sitt for å halda folketalet oppe.



**På gamle tomter på Hennes i Vesterålen har Helge gått mykje i fjellet.**

Toppen ligg på 1263 m.o.h. og det tar normalt 4 – 6 timar å gå opp. Siste gongen han var på toppen var i



**Helge held på med teppeknyting: - Hugs også på trimmen, seier Else med eit smil. Foto: JH**

haldet radikalt om. Masse frukt og grønnsaker vart viktige ingredienser i matlaginga, men også i rå tilstand. I tillegg til dette høyrer grove brødsorter med i basismaten.

Ein lys Golden Retriever som lydde namnet "Teddy", har vore betre medisin enn nokon du kan få på resept. "Eldre skulle fått hund på blå resept" seier Else. Den første Teddy har dei ikkje lenger, men ein ny som nå er 4-5 mnd. treng å trimmast og luftast kvar dag, akkurat som den gamle. For Teddy er det vel omtrent det same kven det er av dei to som tar han med. Else seier at turstien nord for Føresvik er flott å gå i, og det same seier Helge. For 82-åringen Helge er ein tur opp til toppen av Boknafjellet noko som han av og til tar. Siste gongen var rett før jul.



**Teddy I og Teddy II: - Takk for mange fine turer! Teddy! står det på bildet i forgrunnen. Teddy II vil også gi mange fine turar. Foto: JH**

"Det er jo mange fleire eldre enn me registrerar" seier Else. "Det er berre dei som treng pleie og omsorg me høyrer om. Men dei fleste greier seg sjølv, eller berre med litt hjelp". Så sant som det er sagt. Sjølv går ho på pensjonistforeninga kvar gong - for å vera med å laga mat og koka kaffi. Og så kjører ho av og til varm mat frå kjøkkenet på sjukestova til eldre i bygda. Det er fint å vera i aktivitet, og samtidig gjera nytte for seg. "Eg veit ikkje korleis det er å bli eldre" seier ho. Men ein gode er at nå får eg tid til å gjera det eg alltid har hatt lyst til. Og det er å reisa, ha eit aktivt friluftsliv som å gå daglege turar, ha kontakt med barn og barnebarn, stella i hagen, gjera handarbeid".

Begge likar å gå i fjellet, og det er ikkje så lenge sidan dei gjekk på Hardangervidda med barn og barnebarn. Helge har friluftsinteressa felles med Else, pluss lesing og visse typer handarbeid som t.d. teppeknyting. Han held på med eit teppe akkurat nå, og det går faktisk ut over trimmen, for han er andig og vil ha det ferdig. Helge likar også sang, og har tidlegare vore med i kor. Saman har dei vore to gonger i Israel i seinare år, og har stor interesse og engasjement i forhold til historiske emner som går på "bibelens land".

## "ME HAR VORE HELDIGE SOM HAR FÅTT BEHALDA EI GOD HELSE"

Dette understrekar dei begge, og tar det ikkje som ein sjølvsagt ting. Men så har dei også aktivt bidtratt til det sjølv. Else seier ho ikkje er enig i den haldninga som enkelte eldre menneske har når seier at dei har arbeidd nok i si tid, og vil slappa av. Og ho skulle vel vita kva ho snakkar om som har arbeidd som sjukepleiar og jordmor, og hatt 6 ungar ved sida. Ho meiner at passivitet kan føra til at ein blir sløv og interesselaus.

Else seier at media har så lett for å trekkja fram vonde og triste meldingar. Det gode kjem ikkje fram, og blir ikkje nemnt. Dei synes begge at det sosiale nettverket var betre tidlegare. Folk brydde seg meir, og ga



**Kos i sofaen foran bilder av barnebarn. Foto: JH**

kvarandre hjelp. Dermed kom dei meir i kontakt med kvarandre. I dag skal det offentlege ta seg av alt, og mange sit aleine og einsame, og manglar kontakt med andre menneske. Else seier at det er flott at det offentlege har gode tilbod til dei som har behov for det, men at ein må vera på vakt for å overta arbeid som dei eldre godt kunne hatt som eigen aktivitet når dei er i stand til det.

Begge gir uttrykk av at dei trives med livet i eldre år, har friske barn og barnebarn og ein aktiv alderdom.

# ÅRSMELDING FOR BOKN SOKNERÅD 1998

**Soknerådet har hatt denne samansettinga:**

| | |
|---|---|
| Formann: | Solveig Våga |
| Nestformann: | Sigurd Johnny Svendsen |
| Kasserar: | Eva Moi |
| Styremedlem: | Merete Alvestad |
| Styremedlem: | Ingunn Are |
| Styremedlem: | Reidar Øvrebø |
| | Arne Aurdal |
| Komm. sin repr.: | Birger Lindanger. |
| 1. varamenn: | Liv Vatnaland |
| 2. varamann: | Sigmund Alvestad |
| 3. varamenn: | Ingunn Våge |
| 4. varamann: | Birger Lindanger |
| 5. varamann: | Bernhard Våge |
| Sekretær: | Svanhild Alvestad. |

Dette er det nye soknerådet som vart vald hausten -97, og det var ingen medlemmer med frå det forrige soknerådet. Allereie før nyttår var det nye rådet samla til fyrste møtet for å konstituera seg. Etter dette har rådet hatt 10 møter og handsama 52 soknerådssaker og 13 fellesrådssaker.

**Utval**

Noko av det fyrste soknerådet gjorde var å diskutera kva utval ein skulle ha. Resultatet vart eit diakoniutval som består av Ingunn Are, Ingunn Våge, Sigvart Våga og Marit Øvrebø.
Diakoniutvalet har tatt på seg å drive besøkstjenesten på sjukeheimen vidare. Samlingane i kyrkja med bibellesing, samtale og bøn har òg fortsett, og vore fine samlingar om dei ikkje har samla så mykje folk. Diakoniutvalet fekk og i oppdrag å sjå på kyrkjeskyssen. Her er det kome ei løysing der det er to stykker som tar imot telefonbeskjed frå personar som treng skyss, og desse formidlar så vidare om det er nødvendig.
Det andre utvalet som vart vald var dåpsopplæringsutval, og dette består av Merete Alvestad, Randi S. Are, Åse Bratthammer og Eva B. Svendsen.
Dåpsopplæringsutvalet har òg fortsett det arbeidet som har vore med utdeling av dåps-helsingar ved eit-, to- og tre-års dåpsdag. Vidare har dei fått til eit møte for foreldre og born med presentasjon av sundagskulane for 3-åringane. Det er òg etter initiativ frå dåpsopplæringsutvalet at det er starta opp barnekor. Her må det nemnast at det ikkje hadde blitt noko barnekor om ikkje dei fire ildsjelene, Venevil Birkelund, Odrun H. Nilsen, May Jorun Vatnaland og Ingvild Sæbø, hadde vore så positive til tanken, og villige til å starte opp. Soknerådet ser svært positivt på dette arbeidet, og har store forventningar til det.
Begge utvala har gjort eit godt arbeid og kome med mange fine utspel til soknerådet. Samarbeidet med dei har vore utmerka, og ein takkar for flott innsats så langt.

**Aktiviteten**

Gudstenestene i kyrkja og møta på bedehuset er framleis det bærande i den kristne aktiviteten i bygda. Dette saman med arbeidet i dei tre sundagsskulane, barnekoret og speidararbeidet gjer at det tross alt er eit ganske variert kristent arbeid hos oss. I speidartroppen er det med medlemmer frå 8 - 22 år. Når det gjeld arbeid for ungdom, har dette vist seg vanskeleg å få til. Ynskje frå soknerådet er at det kan leggast til rette for eit samarbeid med Tysvær.
Heilt mot slutten av året, 26. 11, var den nye biskopen vår, Ernst Baasland, på vitjing hos oss. Dette var for å bli betre kjent med kyrkjelyden, og han fekk vera med på "gautfesten" til speidarane. Før det hadde det vore møte med rådmann og ordførar, og med soknerådet. Soknerådet syns det var eit positivt og nyttig møte, og det verka å vera eit nyttig møte for biskop/prost òg. Det er viktig at desse som er sette over oss kjem rundt og får vera med å inspirera til vidare arbeid i ei tid då det er så lett for å gå seg trøtt på alle måtar.
Elles har soknerådet vore arrangør av

- utdeling av Bibel til 5. klasse 1.2.98
- konfirmantfest 19.4.98
- årsmøte 21.6.98
- utdeling av barnebibel til 4-åringane 15.11.98

**Kurs**

Når det gjeld kurs har heile soknerådet vore på to stykker. Fyrst var dei i Vikedal på eit kurs som var skipa til for heile prostiet, og så på eit kurs for alle fellesråda på Haugalandet som vart skipa til i Aksdal kyrkje. Begge desse kursa var viktige for det nye soknerådet som hadde så mykje å setje seg inn i. Hovedbudskapet frå kurset i Vikedal var at sokneråda måtte ta seg god tid til Guds ord på møta sine. Dette har Bokn sokneråd prøvt å leva etter, og føler at møta vert gode og konstruktive.
Forutan dette har dåpsopplæringsutvalet vore på kurs i Aksdal, soknerådsformannen har vore på 3 dagars kurs for leiarar på Modum og på KA-konferanse i Stavanger 1 dag saman med kyrkjeverja. Kyrkjeverja har òg vore på nokre dagkurs.

**Årsstatistikken**

Den statistikken som ein her viser til kan nok vera noko misvisande, men om den er like misvisande kvart år er det eit godt samanlikningsgrunnlag. Statistikken viser at det i 1998 har vore 28 gudstenester med gjennomsnittsframmøte på 78. Dette er ein nedgang på 9 frå 1997. Elles har det vore 9 dåp, 11 konfirmantar, 2 ekteskapsinngåing, og 11 gravferder. Innsamla offer i kyrkja er 66 929,- + "Brød for verda" 9 771,-, til saman kr 76 700,-. Dette er ein nedgang på kr 14 390,-.

**Avslutning**

Soknerådet sitt arbeid har vore prega av at det er fyrste arbeidsåret i perioden, og at alle medlemmen var nye. Det var mange ting å setje seg inn i, og det er brukt mykje tid på møtene til å snakka om

kva ein vil, og kva ynskje ein har for Bokn sokneråd i framtida. Ein har hatt idèmyldring om kva soknerådet kan gjera for Bokn. Ting som er kome fram er til dømes: Kyrkjekaffi på kyrkjebakken, nytta dei eksisterande lag/organisasjonar meir, oppstarting eller samarbeid om diverse grupper, slik som sorggrupper, bønnegrupper, samtalegrupper, husfellesskap o.l., temagudstenester, trekke fleire med i gudstenesta.

Alt dette er ting som ennå er på tankestadiet, og det hadde vore fint om du som les dette kunne kome med reaksjonar, positive eller negative, tilbake til nokon av dei som sit i soknerådet.

Heilt til slutt vil soknerådet retta ein stor takk til dei som er villige til å ta på seg arbeid med å stå for dei einskilde arrangementa, enten det nå gjeld barne/ungdomsarbeidet eller vaksenarbeidet. Takk for trufast teneste og godt samarbeid.

**Sundag 21. februar framførte Daghild Grønnestad og Laila Sivertsen "Foglongen", skrive av Elisabeth Fjermestad, på årets Fylkesmønstring i Sola kulturhus.**

**Daghild fortel til Bygdabladet at dei følte det gjekk bra, sjølv om det gjekk betre under "lokal-mønstringa" i Tysværtunet. Som det stod i forrige nummer av bladet, arrangerte me ikkje lokal mønstring i Bokn i år p.g.a. dårleg interesse blant ungdommen i kommunen. Rett nok blei jentene i Sola kulturhus presenterte som eit innslag frå Bokn. Ein takk til Tysvær kulturkontor som lot innslaget gå av kvoten deira!**

**Både frå kulturkontoret i Tysvær og frå den ungdommelege juryen som dei hadde der, kjem det svært positive tilbakemeldingar på dette innslaget. Men Daghild seier at ho kunne tenkt seg meir konstruktiv kritikk frå Tysværtunet. Dette er nemleg noko av vitsen med UKM – at deltakarane skal få veta kva dei bør jobba meir med vidare. Om det kjem slik kritikk frå juryane er sjølvsagt avhengig av kven som sit der, og med ein rein undomsjury utan erfaring og dei rette kunnskapene, kan ein ikkje venta at dette blir gjort på rette måten. Juryen la godt merke til den trygge framføringa, utan nervøsitet, noko som understreker at dei er komne langt, både musikalsk og med sceneerfaring.**

**På Landsmønstringa i Trondheim får ikkje jentene framføra "Foglongen", heller ikkje på årets UKM-turné, for der har Laila Sivertsen vore med før, og deltakarane får berre vera med ein gong. - Me framfører han gjerne i Bokn på 17. mai viss me får lov, avslutter Daghild, som sjølvsagt skal vera med på kommande UKM også, forhåpentlegvis i lokal mønstring i Bokn – det er det interessa som avgjer.**

**Året 17. mai-komité, nå kan de gripa sjansen. Kontakt kan formidlast gjennom kulturkontoret eller direkte til Daghild, tlf. Stavanger 51 58 78 71, eller Bokn i helgene, 52 74 85 42.**

## KLEDE OG SKO TIL UKRAINA

**Eli Kro skal i juni reisa til Ukraina med klede. Ho skal vera ein av sjåførane, og planen er at inntrykka frå turen seinare i år vil stå i Bygdabladet.**

**Det som ein håpar å få inn i Bokn er barneklede og barnesko/støvlar for barn 0 – 10 år.**

**Alt er av interesse, men dei må vera reine og heile. Innlevering er på skulekontoret, helst i esker.**

**Du kan levera heilt til 1. juni.**

**Spørsmål: kontakt Eli Kro, 52 74 85 38**





## FISKEKLUBB I BOKN?

**Bokn har mange gode fiskevann samt gode muligheter for fiske i sjøen.**
**Det har vært interesse for å stifte en fiskeklubb i Bokn. Alle som er interessert er velkommen til møte:**

**MANDAG 22.03. KL 19.00 (7)**
**PÅ BOKNATUN**

**Formålet med møtet er å se om det er grunnlag for å stifte "Bokn Fritidsfiske Klubb"**

***Hilsen***
***Næringskonsulenten***

# NYTT FRÅ DRIFTSSTYRET

## SAKER DEN 18. FEBRUAR

### DELEGERING INNAN SEKSJON SOSIAL

Det er starta opp ein gjennomgang av delegasjonsreglementet i Bokn kommune, og først ut er seksjon sosial som har hatt framlegg til delegasjonsreglement oppe til behandling i driftsstyret. Framlegget frå administrasjonen vart vedtatt med eit tillegg om at delegasjonen må gå frå kommunestyret til driftsstyret og vidare til administrasjonen. Driftsstyret meinte også at klager i enkeltsaker må opp i driftsstyret før dei går vidare til den instansen som tar endeleg avgjerd.

I hovudsak er det delegasjon i enkeltsaker det er gjordt vedtak om å foreta. Det vil seia at barnevernleiar vil få fullmakt til å gjera vedtak i dei fleste sakene innan barnevernet utan at det skal opp i klientutvalet eller driftsstyret. Driftsstyret skal derimot behandla dei sakene som går på generelt førebyggjande arbeid og tilrettelegging for eit godt oppvekstmiljø.
Når det gjeld saker innafor lov om sosiale tenester som økonomisk stønad og andre tenester som heimehjelp, støttekontakt, avlasting m.v. er det lagt opp til at administrasjonen på desse områda får delegert mynde til å avgjera enkeltsakene.
På alle områda innafor seksjonen er det lagt opp til at driftsstyret skal ha løpande orientering om drifta og arbeidet.
Delegasjonssaka skal behandlast i formannskapet og kommunestyret, og dei ulike seksjonane og sentraladmininistrasjonen er også i gong med å utarbeida delegasjonsreglement som snart vil koma opp til politisk behandling.

### REGULERINGSPLAN FOR 4 HYTTER – UTTALE

Saka dreier seg om ein uttale frå driftssstyret til forvaltningsstyret vedr. ein plan om 4 hytter innerst i Jøsenvågen – gnr. 18, bnr. 3.
I uttalen foreslo seksjonssjef kultur at hytte nr. 1 måtte ut av planen då ho ligg utafor området som er sett av til utbyggingsføremål, og at dei andre måtte teiknast mindre.
Driftsstyret sa seg samde i dette framlegget til uttale. Saka skal seinare opp i forvaltningsstyret.

### KLASSEDELINGA SKULEÅRET 1999/2000 VED BOKN SKULE

Bakgrunnen for denne saka er budsjettet for inneverande år som tilseier at full klassedeling kan bli for kostbart i forhold til kommunen sin økonomi. Bokn kommune har dei siste åra stort sett brukt full klassedeling uansett elevtal i klassane.
Administrasjonen hadde i denne saka lagt fram eit forslag til vedtak som gjekk ut på at driftsstyret skulle godkjenna klassedelinga for skuleåret 1999/2000 med 3 klassar på ungdomssteget og 5 klassar på barnesteget – til saman 8 klassar.

I avrøystinga vedtok imidlertid driftsstyret samrøystes samrøystes dette forslaget frå Liv Birknes:

"Driftsstyret vedtar fulldelt skule.
Innsparingane som er foreslått skal takast ved å slå saman fag i staden for å slå saman klassar".

### OPPSTART AV IT-KURS PÅ KVELDSTID

Frå seksjonssjef skule låg det føre ei utgreiing om at det er starta opp 2 begynnarkurs i data for til saman 24 elevar. Kursa er sjølvfinansierande ved at det blir betalt kursavgift. 27 vaksne hadde meldt seg på.

Datautstyret treng oppgradering, og ein reknar med at det kan la seg ordna med ein søknad som skulen har inne gjennom næringssjefen.

Hausten 1998 vart det gjennomført eit datakurs for eldre i skulen sine lokale i regi av eldrerådet.

### BETALING AV KURS TIL SYMJEUNDERVISNINGA

Driftsstyret vedtok samrøystes seksjonssjef skule si tilråding til vedtak om at ordninga med foreldrebetaling for symjeskyss skal opphøyra når Bokn skule startar med symjeopplæring i symjehallen i Aksdal.
Slik det ser ut nå vil dei første elevane frå Bokn skule ha si første ordinære symjeundervisning i Aksdal frå midten av mars.
Tidlegare har foreldra dekka ca. ¾ delar av skyss til symjeundervisning i Karmøyhallen.
Etter §2-1 i Opplæringslova er den offentlege grunnskulen gratis, og det vil difor ikkje vera lovleg etter Opplæringslova å halda fram med foreldrebetaling for skyssen.
Kostnadene vil kunna bli ca kr 11.000 for resten av vårhalvåret og 15.000 for hausthalvåret, til saman kr 26.000.

### GODKJENNING AV PLAN FOR ALVESTAD NÆRMILJØANLEGG

Driftsstyret godkjende samrøystes rådmannen si tilråding til vedtak om at Bokn kommune godkjenner plan for Alvestad nærmiljøanlegg slik det går fram av saksframstillinga med ei kostnadsramme på kr. 400.000 finansiert ved kr. 200.000 i spelemidlar, kr. 120.000 frå kommunen og kr. 80.000 som dugnad frå lag og organisasjonar.
Planen er at området nedafor grusbanen mot Boknasundet skal setjast i stand til eit nærmiljøanlegg med veg, liten molo, badeanlegg, levegg, sandvolleyball-

bane og planting. Vidare eit trinn 2 med utgaving og planering av tomt til naust, planering for ballspel. Trinn 3 vil bli fullføring av badeplass, påfyll sandstrand, naust og toalett, dusj, garderobe, og til slutt trampoline.

**UTTALE VEDR. SØKNAD FRÅ ERIK VÅGA OM DISPENSASJON FRÅ PLAN- OG BYGNINGSLOVA §17-2 OM OPPFØRING AV FRITIDSBUSTAD**

Seksjonssjef kultur hadde i sitt forslag til uttale foreslått at Driftsstyret ikkje skulle ha merknader til denne dispensasjonen, og slik vart det samrøystes vedtatt å senda uttalen tilbake til forvaltningsstyret.

# ELDREÅRET 1999

Også Bokn kommune markerer FN sitt internasjonale eldreår i 1999. Kommunestyret har oppnemnt ein komite med desse medlemmene:
Kjell Kro (leiar av pensjonistforeninga), Bertha Våge (leiar av eldrerådet), Ordførar Sigrunn Hole Hosaas og Rune Vatnaland som er leiar av driftsstyret. Underteikna er sekretær for komiteen.
Mange idear har vore drøfta for å finna ein god måte å markera eldreåret på. Og den første markeringa blir bygdakvelden den 25. Mars på skulen. Her blir det lagt vekt på at fleeire generasjonar kan møtast, og at mange eldre er med på å førebu og gjennomføra arrangementet, i lag med yngre krefter.

**Andre markeringar og arrangement som er aktuelle er:**

- Busstur til sommaren (dagstur)
- Intervju med eldre i bygdabladet
- Nytt datakurs for eldre til hausten
- Markering av Eldres dag den 1. oktober
- Eldre lærer yngre om tradisjonsmat. Samarbeid med skulen
- Eldre fortel yngre om korleis det var i deira unge år. Arbeids- og kvardagsliv.
- Slektskunnskap i Bokn
- Kanskje ein felles tur til eit kulturarrangement i Tysværtunet eller ein annan stad

Komiteen vil koma tilbake til arrangementa.

I dei fleste kommunane er det arrangement, kurs og markeringar i det internasjonale eldreåret. Andre eksempel på ting som foregår kan vera eldregudsteneste m/kyrkjekaffi og trafikkskule – seniorsjåførkurs.

Mål for eldreåret er eit samfunn for alle generasjonar.

**Overordna mål er:**

- Samhald mellom generasjonane
- Livskvalitet og rom for personleg utvikling og vekst gjennom heile livsløpet
- Ein trygg og verdig alderdom
- Vern om fundamentale verdiar i samsvar med FN sine prinsipp for eldre i verda

**Eldreåret skal gi:**

- Merksemd om eldre sin livssituasjon i det norske samfunnet
- Auka kontakt mellom generasjonane
- Auka forståing for eldre som kulturberarar
- Auka deltaking og innverknad
- Betre tenester på brukarane sine premisser
- fleire nettverk for aldring og for internasjonalt arbeid for eldre
- Meir forsking om aldring og eldre
- Gjennomslag for livsløpsperspektivet i samfunnet sine prioriteringar og planar
- Innsats for eldre i andre land



# BYGDAKVELD TORSDAG 25.MARS

Torsdag den 25.mars blir det stelt i stand til god gammaldags bygdakveld på Bokn skule kor ein inviterar unge og eldre. Eldreårskomiteen er arrangør, og det er lagt opp til mykje song og musikk med lokale krefter som barnekoret, songkvartetten, Bokn songlag og Malvin Grønnestad. I tillegg får me hjelp av Daniel Thuestad, Sigmund Grønnestad, Venevil Birkelund og ikkje minst publikum i allsong. Me også har prøvd å finna fram og vil friska opp songar som held på å gå i gløymeboka.
Men det blir også mat og drikke, bordkonkurransar og utlodning.
Så har me fått tak på Erik Fossåskaret frå Rennesøy til å snakka om den tida då me kunne slå av ein drøs på ferja.

# HELSESEKSJONEN INFORMERER

## Kva er psykiatrisk sjukepleieteneste ?

*Våren –97 vart det oppretta stilling som psykiatrisk sjukepleiar i Bokn kommune , og etter 1 års permisjon starta ein opp igjen tenesta desember – 98.*
*Ein psykiatrisk sjukepleiar , er som det ligg i ordet , ein sjukepleiar som har spesialisert seg på å hjelpe menneske med psykiske problem / lidingar.*
*Den psykiatriske sjukepleiaren skal sørga for at dei som har langvarige psykiske lidingar i kommunen får den hjelpa dei treng på tvers av sektorar og etatsgrenser.*
*Like viktig er den førebyggande funksjonen , der ein skal bidra med opplysning og påverking , slik at psykiske lidingar ikkje oppstår, og hjelpe til at problem som oppstår ikkje låser seg fast og blir langvarige.*
*Dette inneber tidleg kontakt og oppføljing av menneske som av ulike årsakar vert ramma av t.d. angst , depresjon og forvirringstilstandar, og som treng nokon å lufta tankar og følelsar med , og få råd , veiledning og samtale.*
*Sorg og krisearbeid er og ein del av den psykiatriske sjukepleiaren sine arbeidsoppgåver.*
*Den psykiatriske sjukepleiaren kan og formidla kontakt med andre hjelpeinstansar dersom det er naudsynt.*
*Frå nyttår startar me og opp med samtale grupper , og dersom nokon er interessert i å delta , kan dei ta kontakt.*

***Kor alvorleg sjuk må eg vera for å ta kontakt , og korleis gjer eg det ?***
*Heile intensjonen med den psykiatriske sjukepleietenesta er at den skal vera lett tilgjengeleg og ha ein lav terskel for kontakt.*
*Ein treng ikkje ha rekvisisjon frå lege eller anna hjelpeinstans , men ein kan ringe til eller møte opp på kontoret til den psykiatriske sjukepleiaren. Ingen problem er for store eller for små for å ta kontakt.*

**Den psykiatriske sjukepleiaren er sjølvsagt underlagt den same taushetsplikta som anna helsepersonell i kommunen.**

*Den psykiatriske sjukepleiaren er å møta kvar* ***Tysdag kl. 08 – 15. 00*** *og kvar* ***Onsdag kl. 17 – 22.00,*** *og kvar* ***Fredag kl.10. – 13.00*** *på* ***det gamle fysioterapirommet ved allrommet.***

**Direkte tlf. nr. : 52 75 25 36**

*Psykiatrisk sjukepleieteneste*
**Laila Nemeth**

FERIEVIKARAR I HELSESEKSJONEN!

**Det nærmar seg sommar igjen, og ved sjukestova treng vi vikarar for å kunne greie å avvikle feriane til dei tilsette. Har du lyst til å arbeida kortare eller lengre tid i løpet av sommaren, sender du oss ein søknad kor du oppgir tidsrom du kan arbeida og kor stor stillingsprosent du kan tenkje deg. Søknadsfrist : 5.april – send søknaden til Helseseksjonen v/ Gunn Grønnestad,**

**Bokn kommune, 5561 Bokn.**



SERIE GLIMT FRÅ BOKN!

**I serien GLIMT FRÅ BOKN! presenterer Bokn bygdablad ulike avisutklipp frå Bokn-historia. Denne gong kan du lesa om då ei 4000 år gammal steinøks vart funne på Sæbø.**

# Interessant oldfunn i Bokn

**Ei 4000 år gamal steinøks funne på garden Sæbø.**

Frå gardbrukar Jakob Torland i Bokn, har museet teke imot ei steinøks. Øksa tilhøyrer ein type funn ein reknar med går mykje langt attende i yngre steinalder og må vera minst 4 tusen år gamal.

Dette funnet er serleg interessant meddi det til dessar er registrert nokre frå steinalderfunn frå Bokn i museene. Heilt fram til 1938 kjende ein ikkje eit einaste steinalderfunn frå Bokn, men det året fekk ein til Stavanger museum ein flintdolk frå Kro. Så blei det ikkje meld noko steinalderfunn før i 1946, då lærar Rosseland sende inn eit
fragment av ei steinøks frå Laupland. Same året kom det eit køllehovud av tolgestein (kleber) med eit skafthol i, men dette vaar ein såpass ung type at museumsdirektør Petersen daterte det til
bronsealderen.

I fjor fortalde dåverande ordførar Alvestad meg ved eit besøk i Bokn, at han i 1943 eller 44 hadde funne ein flintdolk og levert den til læraren. Det synte seg at læraren, som var flutta til ei onnor bygd, hadde tatt dolken med seg, men den er nå komen til
Stavanger museum.

Dette er alt som hittil er meldt av steinalderfunn frå bokn. Det vert fire funn med det som nett nå er kome inn til museet her, og dei er som ein ser alle komne inn i det siste ti-året.

Når det ikkje er kome inn meir, kan det ha si årska i at folk beint fram ikkje er klår over at til dømes dei ofte svært grovt tilslegne øksane av sandstein eller annan bergart, er oldsaker. Men det viser seg at når det først kjem nokre steinalderfunn frå ei grend, vil det stødt auka på med funn frå denne grenda avdi folk nå har fått kjennskap til kva desse steinane er for noko, og interessen er vekt. Eg trur difor at me i tida framover vil få mange stein-alderfunn frå Bokn. Å få funna inn til museene og registrert der med funnopplysningar og data er sers viktig også for busetning– og gards soga, som det nå er slik stor interesse for i alle bygder.

*N.H. Tuastad*
Haugesunds Avis 11.05.48

NORGE 2000

Bokn kommune

**RESULTATET AV OPE FOLKE-AVRØYSTING OM TUSENÅRS-PLASS I BOKN**

**45 røyster fordelte seg slik:**

| | |
|---|---|
| Nore Vågaholmen og hummarparken | 4 røyster |
| Klepp på Loden | 4 røyster |
| Sunnalandsstraumen | 3 røyster |
| Alvestadkrogjen | 10 røyster |
| Kvednabekken | 20 røyster |
| Laupland | 1 røyst |
| Eige forslag, ( på Boknafjellet ) | 3 røyster |

Tusenårskomitéen tar denne klare tendensen til etterretning, og jobbar vidare med prosjektet.

Elles er lag og organisasjonar oppfordra til å spela på lag med kommunen om alle hendingane rundt Tusenårsskiftet. BORK har allerede meldt si interesse, dette kan du lesa meir om på neste side.

**DEN NORSKE KYRKJA**

**Bokn sokneråd**
**Postboks 18**
**5561 BOKN**
**Tlf. 52 75 25 47**

Bokn sokneråd har møta sine på Bokn bedehus kl 19.00, og som andre offentlege møte er dei opne for alle dersom ikkje anna er kunngjort.

**Møtedatoar våren 1999:**

18. mars
15. april
10. juni

**TOYOTA BILNØKKEL**

**funne etter bingoen 10. februar.**

**Du får han igjen på skulekontoret.**

# AKTIV VÅRSESONG I BORK!

**Tekst & foto: Kari Christensen**

*Bokn Ride- og Kjøreklubb er inne i et nytt aktivitetsår, og klubben har en rekke spennende tiltak på kalenderen. Bork legger vekt på å skape tilbud for alle aldersgrupper i klubben, og for ferske så vel som mer erfarne ryttere. Samarbeid med andre hestelag og kurs som er åpne for ikke-medlemmer står også på dagsorden.*

**Foringskurs**

